

## Innspel til kommuneplan

Me bur på sjølve Frekhaug, og som dykk veit har her vore ei ganske radikal fortetting i gang lenge. Når eg no ser rundt meg, her nede ved Folkehøgskulen, tenkjer eg at ein er i ferd med å miste heilt det som var "gamle" Frekhaug. Trenden fortset vel, både her, og i sær i dei umiddelbare nærområda. Det eg er redd for, er at ein i prosessen skal gløyme å ta inn over seg at ein også må bevare grønne lunger – før det er for seint.

Då me kom flyttande til Frekhaug då pandemien starta (frå England), var ei av dei tinga eg verkeleg sakna for ungane sin del, eit trygt grøntområde å springe rundt i. Då hadde me kome frå Cambridge, og sjølv om der var by, var der lagt til rette for fleire parkar. Eg hadde ikkje trudd at ved å flytte heim til Noreg, og i sær attende "nordom brune", så skulle det eg sakna vere *parkar* (det er jo så landleg, tenkte eg) -- men parkane er det eg saknar. Det vil sei -- me brukar jo turområda rundtom her flittig, og er medlemar i DNT. Men det er noko anna at det fins eit tilrettelagt og gjennomtenkt grøntområde i gangavstand for alle borna i nabolaget, som dei kan springe rundt i. Eg ser ikkje for meg nokon engelsk urørt grasplen, men eit område der ein heller forsterkar dei naturlege uttrykka: ein stad ungane kan bygge greinhytter, spele gøymespel, klatre i tre, og så bortetter. Her fins litt rundt badevika, men mine ungar får ikkje lov å gå ned til sjøen åleine. Det er helst tenåringar som brukar volleyballbana der nede. Bøane som er her kan ein jo plukke blomster på, og så bortetter, og det er fint. Men her går kyr deler av året, og det er inngjerda med streng. Der er heller ingen skjulestadar av typen born elsker – busker, ein liten gapahuk, ein balansestokk eller tre, hadde gjort seg. Her er ballplass og leikeplass ved Danielsen Skule og Leiketun barnehage og så bortetter, så det er ikkje det ein treng. Men noko...meir organisk, som invitasjon til å ikkje vere på skjerm eller heime.... Ein stad å leike gøymespel på, i ein skumringstime.

Det eg då vil foreslå, er at kommunen omgjer (kjøper om naudsynt), dei bøane som er att på begge sider av alléen frå Folkehøgskulen og ned mot Badevika, samt på nedsida av vegen mot Frekhaug Stål, og dedikerer det til grøntområde/park. Det kan jo utviklast over tid, men at kommunen set desse areala av til dette formålet no, kan vere viktig -- før det er for seint. Då kan ein sjå for seg at ein i framtida har eit flott park/grøntområde like ved senteret, like ved aldersheimen, og ikkje minst til bruk for dei som bur i nærområdet her. Bur ein på Sagstad eller Mjåtveit og så bortetter, har ein faktisk meir direkte (gangavstand for born) tilgang på grønne leikeområder/skog og så bortetter. Her er det, som allereie nevt, kun nede ved Badevika, og der er det jo disk-golfarar og tenåringar som dominerer – ingen ungar bruker det området til å bygge trehytter eller finne på ting. Det føles ikkje som det er til for dei (me har hatt ei slengdisse i eit tre der nede, men golfarane riv den ned eller slenger den opp i treet så ungane ikkje får tak i den). Lag eit område på ungane sine premiss – utan at det blir ein «klinisk» leikeplass, eller ein leikeplas i det heile – plant eit skogholt, bærbusker. Gje dei ei kjensle her av korleis det må ha vore å springe rundt på «gamle» Frekhaug, før området vart så tett bebygd som det er no. Frekhaug var jordbruksområde. Ta vare på det som er att av det no.

Takk for hjelpa, og venleg helsing,

Elin Danielsen Huckerby